



Marianne Jordan  
Melandsvegen 233  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1822 - 16/14216

Saksbehandlar:  
Berit M.Eskeland  
Berit.Eskeland@meland.kommune.no

Dato:  
06.07.2016

## GBNR 14/13 - Melding om øydelagt septiktank

Meland kommune er forureiningsmynde etter Forurensingslova (forurl.) og har plikt til å følge opp meldingar om mogeleg/fare for forureining.

Når det er fare for forureining i strid med Forurensingslova eller vedtak i medhald av lova, skal den ansvarlege for forureininga sørga for tiltak for å hindra at forureining skjer. Når forureining har oppstått skal den ansvarlege sørgje for å stansa, fjerne eller avgrensa forureininga, jf. forurl. § 7.

Meland kommune har 24.06.2015 motteke melding frå Johny Birkeland Transport AS om septiktanken på eigedommen er øydelagt. Det er også registrert dårleg filtergrøft.

**Septiktanken må reparerast/skiftast ut. Frist for arbeidet vert sett til seinast ved neste tømning av septiktanken.**

For å få utbetra septiktanken må du kontakte eit godkjent rørleggarforetak eller foretak som har ansvar for tømning av tanken din. For tiltak som gjeld nytt lokk/lås eller liknande kan du sjølv utføre dette arbeidet.

Dersom septiktanken allereie er utbetra ber vi om tilbakemelding på dette i vedlagt skjema.

Dersom du meiner at opplysningane våre ikkje er rette eller at det fins andre grunnar til at du ikkje har plikt til å utbetra septiktanken, ber vi om at du tek kontakt med oss snarast mogleg og seinast innan fristen som er sett for utbetring av tilhøvet.

Dersom kommunen ikkje har mottatt skriftleg tilbakemelding innan fristen om at arbeidet er utført, vil kommunen vurdera å gje pålegg om utbetring, jf. forurl. § 7. Det vil samstundes bli vurdert å fastsetja tvangsmulkt, jf. forurl. § 73.

**Tilbakemelding**

Når septiktanken er reparert/skifta ut må du fylla ut vedlagte tilbakemeldingsskjema for utført arbeid og returnera det til kommunen. Skjema sender du til

- [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no) eller
- Meland kommune, Postboks 79, 5906 FREKHAUG

Spørsmål i saka kan rettast til saksbehandlar på telefon 56 17 10 00 eller på e-post.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Berit M.Eskeland  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

14-13 Skjema for tilbakemelding

**Mottakere:**

Marianne Jordan

Melandsvegen 233 5918

FREKHAUG